



Mari Mehl kjøper boka av Elin

Ikveld var det bokslipp i Elins Matgleder og dei som sikra seg eit eksemplar av Hjemmekokkklaugets fyrste kokebok var tydeleg fornøgde med produktet. Så er da også boka både delikat og instruktiv - det er ei bruksbok som ikkje vil støva ned i ei hulle men verta til nytte både titt og ofte. Det er slik ho er meint.

Det er ikkje minst dei mange bileta som bidreg til det. Laugsmedlem Arve Serigstad har på svært profesjonelt vis illustrert alt i boka.

Og apropos bruksbok: Har finn du svar på spørsmål som du kanskje har stilt deg lenge og her er 3 døme:

**Korleis gjera bakinga lystprega?
Korleis lukkast med gjærbakst?
Korleis engasjera borna i bakinga?**

I fyrste omgang er boka trykt i 4000 eksemplar og dei går nok unna. Her i kommunen kan du berre få kjøpt ho hos Elin, men skal du til Odde eller Stord er ho å få i Jernia som står bak dette prosjektet saman med superkokk Eyvind Hellstrøm.

Elin har hatt 30 sider til disposisjon og dei har ho utnytta godt. I motsetnad til mange andre kokebøker fristar ho med

dei godsakene ho byr fram berre gjennom synsinntrykket,
For vår eigen del er vi svake for karamellpuddingen!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

Ps: Elin er den einaste av dei 6 som skriv på nynorsk!



Linnea Enes (4) er stolt over å vere fotografert i boka!